



Vertshuset skyv førjulsopninga ei veke - til 27. november, opplysar verten Røsland, Då er huset ope for ålmenta og då blir det dans med EDO. Kjøkenet held stengt denne kvelden. Elles kan Røsland opplysa at dei begynner å bli fullboka med omsyn til julebord, men det er framleis nokre opningar for dei som er interesserte, både bedriftar og private,

Det er ellers julebord kvar fredag og laurdag framover og talet på ledige plassar varierar. Det er plass til 65 gjestar kvar kveld.

4. og 5. desember er det eit spesialtilbod: Pinnekjøttbuffet og dans for 395 kroner!

Det er også mogeleg for ålmenta å koma inn berre til dans dei dagane dei held julebord for lukka selskap. Dei tek inn maksimalt 30 personar utanom kvar kveld og billetter kan kjøpast på SPAR frå og med 25. november.

Interesserte blir bedne om å ta kontakt, då det stadig skjer endringar i bookingane.

På biletet spelar EDO i Vertshuset sist sommar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)